



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1

ROGALAND

1971

Navnet på vatnet Aksdalsvatnet

Kommune Tysvær

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

A K S D A L S V A T N E T

Fisket vart foreteke den 5. januar 1971.

Vatnet, som ligg i Tysvær kommune, er ikkje analysert og prøvafiska av underskrivne, men ut frå dei tilsendte skjell- og vassprøvene kjem vi fram til fylgjande resultat:

Vassprøven frå Akسدalsvatnet nord syner fylgjande:

Surheita pH er målt til 5.7.

Innhaldet av kalk (CaCO_3) er 4.3 mg/l og den totale hardheita 11.4 mg/l.

Leiingsemna $K_{18} = 47.1 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Vassprøven frå Akسدalsvatnet sør syner fylgjande:

Surheita pH er målt til 5.8.

Innhaldet av kalk (CaCO_3) er 4.0 mg/l og den totale hardheita 11.3 mg/l.

Leiingsemna $K_{18} = 45.9 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Vassprøvene syner stort sett same resultat både i nord og sør og ut frå desse kan vi slå fast at tilhøva skulle liggja vel tilrette for fiskeproduksjon.

Sjølv om vatnet må karakteriserast som noko kalkfattig, er det likevel bra i høve til mange andre analyserte vatn.

pH mellom 6.0 og 8.0 reknast å vera det mest ideelle for aure og då Akسدalsvatnet ligg bortimot 6.0 er dette bra.

Fyrst når pH kjem på 5.0 eller mindre er der fåre på ferde, for då vil fisken vanskeleg kunna formere seg. Mange høgareliggjande vatn er i dag fisketome p.g.a. sur nedbør og svak bufferemne, men det er altså ingen fåre for Akسدalsvatnet i så måte.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvafiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

Alder ved vinter

| | 1år | 2år | 3år | 4år | 5år | 6år | 7år |
|----------------------|-----|------|------|------|------|------|------|
| Medellengde i cm | 5.5 | 10.7 | 16.5 | 22.4 | 27.0 | 28.4 | 30.2 |
| Årleg lengdetilvekst | 5.5 | 5.2 | 5.8 | 5.9 | 4.6 | 1.4 | 1.8 |
| Antall fiskar | 21 | 21 | 21 | 21 | 18 | 8 | 1 |

Medel kondisjonsfaktor = 0.85 tilseier svært mager, langstrakt fisk.

Set vi opp ein vekstkurve for fisken i Akسدalsvatnet og samanliknar med normalkurven for Vestlåndet (5cm pr. år) vil denne sjå slik ut.



Som vi her vil sjå, syner fisken i Akسدalsvatnet ein god lengdetilvekst og ligg over normalkurven like til 5-6 års alder.

Konklusjon.

Ut frå det prøvematerialet som ligg føre, kan vi konstantere at Akسدalsvatnet ser ut til å vera eit relativt bra fiskevatn, men der er ting som tyder på at fiskebestandet kan vera i største laget. Kondisjonsfaktoren tilseier særleg mager, langstrakt fisk, men det er mogeleg at ein stor del av prøvafiskane har vore utgytt fisk og denne vil etter endt gyting alltid vera mager, då gytinga er ein stor påkjenning for fisken.

Skal ein få eit fullstendig billete av tilhøva i Akسدalsvatnet må der takast ein analyse der m.a. botnprøver, planktonprøver m.v. inngår.

Praktiske tiltak.

Det kan sjå ut som om næringsforrådet er i minste laget i høve fiskebestandet og om så er tilfelle må fisket intensiverast noko i åra framover.

Då vi ikkje har god nok kjennskap til vatnet, er det vanskeleg å koma med nokre framlegg til praktiske tiltak.

Stavanger 15/3 1971

Einar Berg